



Arkivsak

25/07934-15

Sakshandsamar

Marita Bruun

Saksgang

Yrkesopplæringsnemnda

Hovedutvalg for næring, industri og
klima

Hovedutvalg for utdanning, folkehelse
og tannhelse

Møtedato

20.05.2026

26.05.2026

27.05.2026

Fastsetjing av formål for tildeling av driftsmidler til høgare yrkesfagleg utdanning - Telemark fylkeskommune

Innstilling frå fylkesdirektøren

Formålet med tildeling av driftsmidler til høgare yrkesfagleg utdanning slik det er beskrive i saka, blir vedteke. Dette leggjast til grunn for komande søknadsrundar for driftstilskot til fagskular som søker støtte til utdanningstilbod i Telemark.

Bakgrunn og saksgang

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har utvikla nye retningslinjer og malverk for tildeling av driftsstøtte til fagskular. Retningslinjer, malverk og generelle vilkår er godkjent i Kunnskapsdepartementet 9. mars 2026.

Som del av handlingsrommet til fylkeskommunen og deira kompetansepolitiske rolle, skal kvar enkelt fylkeskommune fastsetje formål for tildeling av driftsmidlane.

Saka blir sendt til uttale i Yrkesopplæringsnemnda og hovudutval for Næring, industri og klima. Saka blir vedteken i hovudutval for Utdanning, folkehelse og tannhelse.

Saksopplysningar

Driftsmiddel til fagskular blir løyvd over kap. 240 post 60 under programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning over Kunnskapsdepartementets årlege budsjett. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) forvaltar tilskotsordninga og fordeler tilskotet til fylkeskommunane. Fylkeskommunen har ansvar for å fordela tilskotet til private og offentlege fagskular som tilbyr utdanningar med undervisning eller samlingar i deira fylke.

Regelverket for forvaltning av driftstilskot til fagskulane har vore gjennom ein stor revisjon siste året, og framtidig tildeling av driftsmidler til fagskulane skal skje ved rammetildeling og ikkje spesifikt til konkrete utdanningsløp og tal studentar slik det så langt har vore. HK-Dir har

utforma malar for utlysing, søknadsskjema, vedtak og avslag med sikte på å oppnå mest mogleg lik forvaltning på tvers av fylkeskommunane.

Samstundes er det rom i retningslinjer og malar til å vareta fylkeskommunen sitt ansvar for regional kompetansepolitikk. Dei kompetansepolitiske målsetjingane i kvart einskild fylke kjem fram gjennom formulering av formålet med tildelinga som er ein del av utlysingsteksten. Gjennom formålet med utlysinga, vil fylkeskommunane gi retning for utviklinga av høgare yrkesfagleg utdanning i kvart fylke. Tilskotsforvaltninga blir vidare styrt gjennom generelle vilkår, og fylkeskommunane kan i tillegg gi særskilde vilkår i kvar enkelt tilsegn.

Utkast til formål er sendt på ei kort høyring til alle fagskular som søkjar eller er innvilga driftsstøtte til utdanningstilbod i Telemark siste skuleår.

Formål med tildeling av driftsmiddel til høgare yrkesfagleg utdanning med tilbod i Telemark legg vekt på:

- Samarbeid med arbeidslivet og vektlegging av framtidig kompetansebehov
- Livslang læring og tilgjengelegheit
- Prioriterte fagområde (etter inndeling som for felles klassifiseringssystem):
 - Helse- og velferdsfag (helse, oppvekst, anna)
 - Tekniske fag (bygg og anlegg, elektro/energi, industri/kjemi, petroleum, data-IT, modellering, anna)
 - Økadm-fag (leiing, kontor, lønn og rekneskap, marknadsføring, reiseliv, anna)Andre fagområde kan også få støtte dersom utdanningstilbodet blir underbygd på ein truverdig måte med eit behov i arbeidsmarknaden.
- Lågt nivå for eigenbetaling

Utfyllande informasjon om formålet kan lesast i sin heilskap i vedlegget. Det var ingen fagskular som leverte innspel etter høyringrunda.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Denne saka påverkar ikkje direkte fylkeskommunen sitt budsjett, men gjeld fordeling av driftsmiddel til høgare yrkesfagleg utdanning tildelt frå HK-dir. Fagskulen Vestfold og Telemark, er eigd av Telemark og Vestfold i eit kommunalt oppgåvefellesskap. I Telemark er denne fagskulen største aktør innan høgare yrkesfagleg utdanning med flest utdanningstilbod og flest studentar. Formålet med tildeling av driftsmiddel til høgare yrkesfagleg utdanning vil kunna påverka økonomien for fagskulen og dermed også indirekte kunne påverka fylkeskommunen sin økonomi. Saka har ingen direkte administrative eller juridiske konsekvensar.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Denne saka vil ikkje påverke fylket sitt klimamål. Følgjande bærekraftsmål blir vurdert å bli påverka av gode tilbod innan høgare yrkesfagleg utdanning i fylket:

3. God helse og livskvalitet. Arbeid er viktig for helse og livskvalitet, og rett kompetanse tryggjer ein plass i arbeidslivet.

4. God utdanning. Fagskulane gir ein yrkesretta og praktisk høgare utdanning som treffer eit behov i arbeidslivet.

8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst.

Fylkesdirektørens vurdering

Formålet med tildeling av driftsmiddel til høgare yrkesfagleg utdanning bør vere på eit overordna og strategisk nivå, noko det vedlagde dokumentet vurderast å gjere. Formålet er utforma på ein slik måte at det gjev ei retning og grunnlag for prioritering, utan å utelukka gode initiativ og utdanningstilbod som skulle dukka opp basert på eit behov i arbeidsmarknaden. Ved overgang til at driftsmidlane skal fordelast til fagskulane som ei rammetildeling, skal fagskulane følgjast opp gjennom året med dialogmøte. Både fagskulanes drift og utdanningstilbod, sett i lys av formål og eventuelle særskilde vilkår i tildelingsbrev, vil vera tema på desse møta. Korleis fagskulera treffer på formålet vil derfor følgjast opp gjennom året. Erfaringar frå bruk av formål i komande søknadsrunde, vil avgjera om det er trong for revisjon eller ikkje for seinare søknadsrundar.

Fylkesdirektøren tilrår at formålet beskrive i vedlagde dokument blir vedteke som grunnlag for tildeling av driftsmidlar komande år.

Vedlegg:

Formål